


23.02.2025

KULTURSKULEN

KVALITETSMELDING 2024



KVALITETSMELDING - KULTURSKULEN

SKULEFAKTA

Rektor: Hans Willoch Bræin

	01.10.2024	01.10.2023
Antall elevplasser	412	424
Antall barn på venteliste (uten tilbud)	116	107
Årsverk undervisningspersonale	8,9	8,6
Årsverk andre ansatte skole (DKS koordinator/produsent)	0,2	0,2
Årsverk skoleledelse	1	1
Årsverk administrasjonskonsulent	0,2	0,2
Dekningsgrad barn 6-15 år	12,4%	13,4%

KULTURSKULEN SOM SKULESLAG

Kulturskuletilbudet har ein breiare kunstfagleg portefølje enn grunnopplæringa og rettar seg i hovudsak mot barn og unge i alderen 0–19 år, men også vaksne kan få plass viss ledig kapasitet. Kulturskulen sine programtilbod skal ivareta læring, oppleving, skaping og formidling på alle nivå gjennom brei rekruttering og planmessig opplæring. Tilboda skal vere relevante for elevar som ønskjer å kvalifisere seg for vidaregåande opplæring og høgare utdanning innanfor kunstfag. Som lokalt ressurscenter skal kulturskulen også medverke til å styrke kulturell kompetanse og utfalding i lokalsamfunnet gjennom forpliktande samarbeid med skule-, kultur- og helsesektoren.

Kommunen som skuleeigar har ansvaret for at tilboda i kulturskulen følgjer nasjonale føringar som er gitt i rammeplanen. Kulturskulen skal gå inn i plandokumenta i kommunen og kan vere ein del av strategiarbeidet i kommunen innanfor både utdanning, kultur og helse. Skuleeigaren har ansvar for at kulturskulen har kvalifiserte lærarar. Dette inneber å sikre at kulturskulelærarane får tilsvarande vidare- og etterutdanningstilbod som dei andre lærarane i skuleverket. Kommunen kan ta initiativ til samarbeid med andre kommunar/regionar om etter- og vidareutdanning og oppmuntre kulturskulen til å ta imot praksisstudentar frå høgare utdanningsinstitusjonar der tilhøva ligg til rette for det. Skuleeigaren kan også ta initiativ til samarbeid med høgare utdanningsinstitusjonar om forskning og utviklingsarbeid i faga i kulturskulen. Kommunen har ansvar for at kulturskulen har lokale som er tilpassa undervisningstilboda, og kulturskulen skal kunne disponere andre kommunale undervisningslokale vederlagsfritt.

LOVFESTING

Siden 1997 har kulturskulane vore heimla i Opplæringslova:

--	--	--

§13-6. Musikk- og kulturskuletilbod

Kulturskolens samfunnsoppdrag og formål er forankret i opplæringslovens kapittel 26:

§ 26-1 Kulturskole: Kommunen skal ha eit tilbod om kulturskole til barn og unge, organisert i tilknytning til skolen og kulturlivet.

§ 26-2 Formålet med kulturskolen: Kulturskolen skal leggje til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skolemiljø

ORGANISERG AV UNDERVISNINGA

Kulturskulens undervisning er i hovudsak lagt til ettermiddag og kveldstid. Hovudtyngda av undervisninga er mellom 1400 - 2000.

Undervisninga blir gitt både som individuell undervisning og som gruppeundervisning.

KULTURSKULENS PROGRAMOMRÅDER

BREIDDEPROGRAMMET (RAMMEPLANEN)

Breddetilbudene er kulturskolens utadrettede tilbud, basert på samarbeid som favner bredt.

Kulturskolens breddetilbud utvikles gjennom samhandling og samskaping med øvrige tjenester og tilbud i kommunen, og kan bidra til at kommunen løser sine oppgaver innenfor områder som oppvekst, helse og omsorg.

Breddetilbudene utvikles i samhandling og samskaping med kommunens øvrige tjenestetilbud.

Organisering og utforming av breddetilbudene tar utgangspunkt i kommunale planer og lokalsamfunnets behov og muligheter.

Undervisning i samarbeid med grunnopplæringen, SFO og barnehage, og undervisning og andre tjenester som er rettet mot målgrupper utenfor kulturskolen, er en del av breddetilbudene.

Målsettingen med breddetilbudene er å utnytte kulturskolens pedagogiske og kunst- og kulturfaglige kompetanse i kommunens arbeid med å utvikle helhetlige tilbud til innbyggerne.

KLEPP KULTURSKULE SITT BREIDDEPROGRAM

Klepp kulturskule starta hausten 2023 eit kulturskulekor for elevar i 3-5 klasse. Dette er eit gratistilbod som har som målsetting å nå elevar som kulturskolen normalt ikkje ville nådd.

Kulturskolen har ein eigen musikkterapeut som i 2024 har drevet eit fast tilbod på 11 ulike institusjonar/skular i Klepp.

--	--	--

Kulturskolen har med dagens økonomiske ramme ikkje eit tilbod som kunne vært gitt som eit tilbod til SFO.

KJERNEPROGRAMMET (RAMMEPLANEN)

Kjerneprogrammet er for elever som er registrert for undervisning i ett eller flere fag ved kulturskolen, i form av langsiktig undervisning over hele skoleår eller kortere, tidsavgrensede kurs

Kjerneprogrammet har ingen inntakskrav, og det er åpent for alle barn og unge som ønsker det. Også andre aldersgrupper kan tas inn som elever i kjerneprogrammet, men barn og unge har prioritet.

Undervisningen i kjerneprogrammet er tilpasset den enkelte elev og foregår gjennom varierte undervisningsformer individuelt, i grupper, i ensembler og på tvers av fag.

Undervisningen i kjerneprogrammet har definerte mål om faglig progresjon og opplæring på alle nivå. Målsettingen for opplæringen i kjerneprogrammet er å tilby kulturskolens elever kunst- og kulturfaglig opplæring av høy kvalitet.

KLEPP KULTURSKULE SITT KJERNEPROGRAM

Kulturskolen har i dag kjerneprogram innanfor følgjande fag:

Dans (BARNEDANS, Jazz og ballett)

Kunstfag

Musikk (Piano, akustisk gitar, el-gitar, el-bass, slagverk, song, trompet, trombone, horn, baritone, tuba, klarinett, saksofon, tverrfløyte, harpe, fiolin og korpsdireksjon i 4 skulekorps).

Undervisninga i teater ble lagt ned skuleåret 24/25 grunna mangel på lærar. Det er vanskeleg for kulturskolen å få tilsett ny lærar i kun 15% stilling.

Her bør det sjåast på om det er mogleg å få til eit samarbeid med SFO alternativt kombinasjonsstilling med Axis.

FORDJUPINGSPROGRAMMET (RAMMEPLANEN)

Fordjupingsprogrammet byggjer på kjerneprogrammet og er for elevar som er særleg motivert for større undervisningsmengd og meir systematisk eigeninnsats.

For å sikra tilgang til fordjupingstilbod er det behov for systematisert samarbeid, der nokre kulturskular i kvart fylke eller kvar region tek eit særskilt ansvar for dette. Kommunar, fylkeskommunar, aktuelle institusjonar på regionalt og nasjonalt nivå og andre relevante aktørar samarbeider for å leggja til rette for at elevar som er motiverte og kvalifiserte for det, kan delta i eit fordjupingstilbod – uavhengig av kvar dei bur, eller kven dei er.

--	--	--

KLEPP KULTURSKULE SITT FORDUPNINGSPROGRAM

Kulturskulen ble hausten 2023 ein del av det felles satsingsområdet innanfor fordjuping på Jæren. Dette er eit tilbod til kulturskuleelevar i Hå, Time og Klepp kommune.

Dei same kommunane/ kulturskulane fekk i desember 2023 tilsegn om 750000,- frå Norsk kulturskuleråd for vidare satsing på fordjuping. Dette utvida programmet ble starta opp hausten 2024 og går over ein treårs periode.

SAMARBEID MELLOM KULTURSKULEN OG SKULEN (UDIR)

Kulturskulen gir gode moglegheiter for å utvikla eit godt skule- og lokalmiljø, og kan bidra til å styrkja det praktiske og estetiske innhaldet i skulen. I samarbeid med skulen kan kulturskulen bidra til at elevar får utfalda seg kulturelt i lokalsamfunnet. Strategien frå Kunnskapsdepartementet; Skaparglede, engasjement og utforskartrøng, om praktisk og estetisk innhald i skule- og barnehage, legg vekt på at barnehage og skule skal bruka ressursane og samarbeida med kulturskulen.

PEDAGOGISK PLATTFORM

Kulturskulen vil gjennom verksemda si først gi elevane moglegheit til å oppdaga dei kunstnariske uttrykksmidla. Deretter vil vi gi dei moglegheita til å meistra desse verkemidla godt nok til å ta dei i bruk. Sist, men ikkje minst, vil kulturskulen gjera det mogleg for elevane sine å bruka tileigna evner til eiga skapande verksemd.

Gjennom verksemda legg kulturskulen til rette for at elevane skal få opplevingar og innsikt som kan gi varig kunnskap.

Skulen legg til rette for at den enkelte eleven, gjennom arbeidet sitt med kulturelle aktivitetar, skal få ei positiv personleg utvikling gjennom individuelle og kollektive aktivitetar. Føresetnadene og behova til den enkelte elev vil bli freista avdekt i målsetjingssamtalar mellom lærar og elev.

--	--	--

TRYGGE OG INKLUDERANDE LOKALMILJØ

Kulturskolen har et humanistisk menneskesyn og ivaretar samfunnsverdier som menneskeverd, ytringsfrihet, demokrati og retten til å delta i et fellesskap.

Fellesskapet i Norge rommer et voksende mangfold av kulturelle uttrykk og sammensatte kulturelle identiteter. Ved å anerkjenne, synliggjøre og ta i bruk ressursene i dette mangfoldet bidrar kulturskolen til å videreføre og fornye kulturarv. Kjennskap til egen kultur og trygghet i egen identitet skaper respekt og nysgjerrighet overfor andre.

Kunst- og kulturaktiviteter skaper arenaer for tilhørighet og sosialt fellesskap, og kan inspirere til deltakelse i det uenighetsfellesskapet som er en forutsetning for et fungerende demokrati.

Kulturskolen er for alle barn i Klepp kommune. Her vil dei kunna velja fag som passar for dei, anten dei likar å vera i lag med andre, eller dei har størst behov for å vera åleine med ein vaksenperson ein gong i veka.

Korleis arbeider de med trygt, godt og inkluderande skulemiljø?

Kulturskolen arbeider for å tryggja elevane både i undervisninga og i samband med produksjonar/framsyningar. Dette gjer me gjennom å snakka med elevane om korleis dei har det og kva behov dei har.

Me har i 2024 hatt eit økt fokus på aktivitetar på tvers av fag. Dette er gjort for å skape eit større fellesskap mellom elevane.

Kulturskuleelevar vil ofte stå i situasjonar der dei skal prestera ovanfor andre elevar eller publikum. Derfor er det viktig for skulen å tryggja elevane på at det er lov å gjera feil og at ikkje alt treng å vera perfekt kvar gong.

Korleis brukar de lokalmiljøet og samhandlar med lokale lag og organisasjonar?

Kulturskolen samarbeider både med lokale/regionale lag og organisasjonar i tillegg til kommunale institusjonar.

I 2024 gjennomførte kulturskulens elevar og lærarar 52 konsertar/arrangement i lokalmiljøet. I tillegg kjem lokale produksjonar i regi av Den kulturelle skulesekken.

Totalt var det veit ca 4200 publikummarar til stades på desse arrangementa.

--	--	--

Det er viktig for kulturskulen å ha eit tett samarbeid med skulekorpsa. Dette gjer me for at dei skal få tilgang på profesjonelle lærarar og fordi musikantane skal få høva til å treffa andre som også har korps som fritidsaktivitet. Alle skulekorpsa i kommunen (4stk) har dirigent tilsett i Kommunen.

I 2024 har kulturskulen teke fleire initiativ for å samla musikantar på tvers av korpsa til felles prosjekt.

Kulturskulen har ein god dialog med Axis og me ser at her er moglegheit for endå tettare samarbeid i samband med felles lokalisering i kulturhuset Plogen.

Samarbeidspartnarar(2024):

Aktivitetssenter

Sjukeheimar

Møteplassen

Skular i Klepp (skulekonsertar/ bruk av lokale)

Nettverk Jæren (kulturskule nettverk)

Jæren symfoniorkester (stillingar)

Skulekorpsa

Norsk kulturskuleråd Rogaland

Axis (lokaler og utsyr)

Dem kulturelle skolesekken (kulturskulen har ansvar for lokale produksjonar til skular og barnehagar)

NETTVERK OG FAMILIE

Autoritative vaksne? Korleis sikrar de at alle vaksne ved skulen har ein autoritativ vaksenstil?

Gjennom å reflektera rundt dette i plenum. Bevisstgjerer er viktig.

Gjennom å ha/gi informasjon rundt undervisninga som er samkøyrde og tydeleg, og som gjer at elevar og føresette "kjenner igjen" Klepp kulturskule sine haldningar uavhengig av lærar eller fag. Dette er også eit av samtalepunkta i medarbeidarsamtalen.

Kvalitet i skule-heim samarbeid

Kulturskule er ikkje nødvendigvis noko alle føresette i kulturskulen har eit forhold til, før dei får egne born i kulturskulen. Det er derfor viktig for kulturskulen å gi mest mogleg informasjon til føresette om kva kulturskule er og at det også blir stilt krav til oppfølging av egne barn i kulturskulen. For å lykkast med dette er me opptatt av at kulturskulen er transparent og at det er lett å finna informasjon om kulturskulen og kulturskulens planar, vilkår og styringsdokument.

Kulturskulen har ei oppdatert heimeside kor føresatte og andre interesserte kan finne aktuell informasjon. Sida er under konstant utvikling. Her vil ein til dømes kunne finna skulens ulike tilbod, informasjon om arrangement, læreplanar, rammeplan, vilkår, ordensreglement, kvalitetsmelding.....

--	--	--

Dei fleste lærarane møter føresette til dei yngste elevane kvar veke i henta og bringesituasjon. Dette legg til rette for eit godt samarbeid med føresette om barnets utvikling. I tillegg har skulen felles system for årleg målsetjingssamtalar, føresettesamtaler og evaluering.

Kulturskulen har gode rutinar for samarbeidsmøte kring elevar når det er behov for dette.

TIDLEG INNSATS

Tidleg innsats og intensiv opplæring

Kulturskulen møter mange av elevane i individuell undervisning. For enkelte elevar kan det vera eit av få individuelle vaksenmøte i løpet av ei veke. Me er bevisst på at me kan fanga opp "utfordringar" som andre ikkje har fanga opp.

Fangar me opp ting som gir grunn til bekymring blir dette teke opp med føresette og om nødvendig vil det bli teke med «heimeskulen».

For kulturskulen, som i all hovudsak har individuell oppfølging og oppfølging i små grupper, er utgangspunktet at alle undervisning er intensiv opplæring. Me tilpassar undervisninga til den enkelte elev og tek omsyn til kvar enkelt elevs modnad og utvikling i faget.

SAMHANDLING OG MEDVERKNAD

Kulturskulen er opptatt av at alle elevar skal ha moglegheit til å komme med innspel til innhaldet i undervisninga. Alle elevar og lærarar skal i dei individuelle faga gjennomføra individuelle målsetjingssamtalar i byrjinga av skuleåret. Her er det laga ein eigen mal som lærar og elev bruker. Planen for året blir justert i løpet av året i samsvar med utviklinga til den enkelte elev.

For gruppefaga blir dette tatt med heile gruppa samla ved oppstart av skuleåret.

Ved slutten av skuleåret blir det gjort ei evaluering med den enkelte/ gruppe for å sjå på korleis året gjekk. Dette dannar igjen grunnlaget for målsetjingssamtalen for neste år

Det er viktig for kulturskulen å kunne forklara korleis vi skal nå dei måla som eleven ønsker å oppnå. Kva "Sti" som må følgjast for å nå målet.

--	--	--

HØG KVALITET OG KOMPETANSE

PROFESJONELLE LÆRINGSFELLESSKAP

Klepp kulturskule har personalmøtar, seksjonsmøtar og plandagar. Me bruker ulike metodar i desse møta mellom anna IGP, rekkjeframlegg og foredrag. Skulen har jobba medvite med å dreia fokuset frå kollektive driftsoppgåver til kollektive utviklingsoppgåver.

Klepp kulturskule er det einaste kulturskulen i kommunen. Dei fleste i kulturskulen jobbar i delstillingar(kun tre tilsette i 100% stilling og 42% av dei tilsette har under 30% stilling). Det er derfor viktig for oss og samarbeide tett med nabokommunane når det gjeld profesjonelle læringsfelleskap. I 2024 har me hatt to plandagar i samarbeid med nabokommunane. Det er også oppretta fagteam på tvers av kommunane innafor einskilde fag.

KOMPETANSEBEHOV

For å kunne møte framtidige behov ser kulturskulen eit behov for kompetanseheving innanfor gruppemetodikk i instrumentalfaga.

Skulen ønskjer t.d. i framtida å kunna samarbeida tettare med grunnskulen/sfo.

Får å kunna gjera slike prosjekt, er det ønskjeleg med kompetanseheving rundt det å undervisa i større grupper.

--	--	--